

Stortingstidende

innholdende

det 150. stortingsforhandlinger
2005 – 2006

Forhandlinger i Lagtinget

År 2005, mandag den 10. oktober kl. 13.40 kom
Lagtinget saman.

Representanten Sigrun Eng tok ordet og sa:
Eg vil oppmode det førre lagtingets president, Lodve
Solholm, om mellombels å leie Lagtingets forhandlingar.

Lodve Solholm (frå salen): Dersom ingen har noko
mot det, vil eg etterkome oppmodinga.

L o d v e S o l h o l m inntok deretter president-
plassen.

Presidenten: Fungerande president vil be eldste re-
presentant etter ansiennitet, Jon Lilletun, om mellombels
å fungere som sekretær.

Referat

(3) Stortingets presidentskap melder at de innkalte
vararepresentantene Gunn Berit Gjerde, Dag Ole Tei-
gen og Truls Wickholm er innvalgt i Lagtinget for
den tid de møter for henholdsvis representantene Leif
Helge Kongshaug, Hilde Magnusson Lydvo og Mari-
anne Marthinsen.

Samr.: Blir lagt ved protokollen.

Val av presidentar og sekretærar

Presidenten: Det skal først veljast president og vise-
president.

Når det gjeld val av president og visepresident, følger
Lagtinget forretningsordenens § 4 femte og sjette ledd:

«Ved det første valg i valgperioden av presidenter
og visepresidenter foregår avstemningene ved sedler
uten underskrift. Ved senere valg i samme valgperiode
gjelder reglene i § 44 første ledd bokstav d første og
annet punktum.

Ved valg av presidenter og sekretærer kreves vanlig
flertall, dvs. over halvparten av de avgitte stemmer.

Oppnår ingen av kandidatene slikt flertall ved første
valg eller ved fritt omvalg, foretas bundet omvalg
mellom de to kandidater som har fått det største stem-
metall (jfr. § 45 pkt. b).»

Fungerande president ber om framlegg til Lagtingets
president.

Øyvind Halleraker (H): Jeg har den glede å foreslå
Inge Lønning.

Presidenten: Inge Lønning er foreslått vald til Lag-
tingets president. – Andre framlegg ligg ikkje føre. Det
blir skriftleg votering.

Valet hadde dette resultatet:

Det vart avgitt i alt 42 røyster.

Til Lagtingets president vart vald Inge Lønning med 41
røyster. 1 røystesetel var blank.

Presidenten: Presidenten ber om framlegg til vise-
president i Lagtinget.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF): Det er ei ære
å foreslå Jon Lilletun som visepresident.

Presidenten: Jon Lilletun er foreslått som Lagtingets
visepresident. – Andre framlegg ligg ikkje føre.

Det blir skriftleg votering.

Valet hadde dette resultatet:

Det vart i alt avgitt 42 røyster.

Til Lagtingets visepresident vart vald Jon Lilletun med
41 røyster. 1 røystesetel var blank.

Presidenten: Det skal så veljast sekretær, og presi-
denten ber om framlegg.

Bjørn Jacobsen (SV): Eg føreslår Rolf Reikvam.

Presidenten: Rolf Reikvam er foreslått som Lagtingets sekretær. – Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Bjørn Jacobsen vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Det skal no veljast *visesekretær*, og presidenten ber om framlegg.

Per Ove Width (FrP): Jeg foreslår Åse M. Schmidt.

Presidenten: Åse M. Schmidt er foreslått som Lagtingets visesekretær. – Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Per Ove Width vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Då er Lagtinget kome til val av første og andre varapresident.

Presidenten ber om framlegg til *første varapresident*.

Øyvind Halleraker (H): Jeg foreslår Finn Martin Vallersnes.

Presidenten: Finn Martin Vallersnes er foreslått som første varapresident. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Øyvind Halleraker vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Presidenten ber så om framlegg til *andre varapresident*.

Anne Margrethe Larsen (V): Jeg har gleden av å foreslå Leif Helge Kongshaug.

Presidenten: Leif Helge Kongshaug er foreslått som andre varapresident. – Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Anne Margrethe Larsen vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Lagtinget skal til slutt velje *varasekretær*. Presidenten ber om framlegg.

Vidar Bjørnstad (A): Jeg tillater meg å foreslå Tor-Arne Strøm.

Presidenten: Tor-Arne Strøm er foreslått som varasekretær. – Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Vidar Bjørnstad vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Med dette har Lagtinget konstituert seg, og det vil bli sendt melding om dette til Stortinget og Odelstinget.

Møtet slutt kl. 13.50.
